




HERØY
kommune



Heilskapleg ROS Herøy kommune 2024

K-sak 62/24
Dato: 27.06.24



EI BÅTLENGD FØRE

1. Innhald

1. Innhald.....	1
2. Samandrag.....	2
3. Bakgrunn og føremål.....	2
Lovverk:	2
Forskrift.....	3
4. Omfang og avgrensingar	4
5. Offentlegheit	4
6. ROS-arbeidet, metode og arbeidsprosess	4
7. Kommuneskildring	5
8. Samanstilt H-ROS	7
9. Kommenterarar til funna i analysen.....	10
10. Korleis kan hendingane påverke kvarandre	12
11. Kommunen sin evne til å oppretthalde og gjenoppta normal drift.....	12
12. Befolkningsvarsling	12
13. Evakuering	12
15. Oppfølging i kommunen.....	13
16. Sluttkommentar	14

2. Samandrag

Samfunnsikkerheit og beredskap er avgjerande for å beskytte samfunnet mot uønskte hendingar. Kommunen har ei sentral rolle i å førebygge og handtere hendingar. Lov og forskrift krev at kommunen arbeider systematisk med samfunnsikkerheit og beredskap i det daglege.

Målet med den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen (heretter kalla H-ROS) er å avdekke kva som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynlegheita og sjå på korleis ei hending vil kunne påverke kommunen.

Gjennom analysen har vi sett på totalt 14 scenario som aktuelle for kommunen. Dette er hendingar som vil påverke lokalsamfunnet i ulik grad. Vi har tenkt gjennom kva som kan skje, kva konsekvensar hendingane kan få og kva tiltak som skal til for å handtere og eventuelt kunne førebygge.

Slik kommunen er plassert (kystkommune med mange øyer, bruer og mykje båttrafikk) er vi ekstra sårbare ved sterk vind, ekstrem nedbør, atomhendingar (til havs) og skred, jord- og steinsprang. Endringar i klimaet kan påverke situasjonen over tid ved at enkelte hendingar skjer hyppigare og får større konsekvensar.

Kommunen har i dag mange tiltak som er sette i verk med tanke på dei hendingane som er tekne med i analysen. Tiltaka vil minske risikoen for at ei hending skal skje og minske konsekvensane ved ei hending.

Kommunen er i utgangspunktet ein trygg kommune å bu i. I dei fleste situasjonar vil kommunen handtere hendingar samtidig som vi held oppe normal drift av tenestene overfor innbyggjarane. Enkelte hendingar vil utfordre evna vår til å yte tenestene som normalt. I desse tilfella vil det kunne verte forseinkingar og vi må kanskje søkje bistand frå andre. Det kan vere frå andre kommunar, samarbeidspartar eller frivillige.

3. Bakgrunn og føremål

Naturhendingar, valdsepisodar og ulykker påverkar lokalsamfunn ulike stadar i landet. Det er stadig større utfordringar knytt til cyberangrep og Noreg vert påverka av forholda i verdssamfunnet, som pandemi, krig og konflikhtar, terror og store mengder menneske på flukt.

Kommunen si rolle er å arbeide med samfunnsikkerheit og beredskap slik at folket innanfor kommunen kan føle seg trygge. Det er viktig å ha ei felles forståing av risikobildet og behovet for beredskap i kommunen.

Kommunen sitt ansvar for utføring av H-ROS er sett i lovverk og forskrift.

Lovverk:

Den kommunale beredskapsplikta går fram av sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15.

Paragraf 14:

«Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.

Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalysen.»

Paragraf 15:

«Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide en beredskapsplan.

Beredskapsplanen skal inneholde en oversikt over hvilke tiltak kommunen har forberedt for å håndtere uønskede hendelser. Som et minimum skal beredskapsplanen inneholde en plan for kommunens kriseledelse, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og plan for informasjon til befolkningen og media.

Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet.

Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om beredskapsplanens innhold og øvrige krav etter denne bestemmelsen.»

Forskrift

I forskrift om kommunal beredskapsplikt heiter det:

§ 2. Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse

«Kommunen skal gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynligheten for uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen og hvordan disse kan påvirke kommunen.

Den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal forankres i kommunestyret.

Analysen skal som et minimum omfatte:

- a) Eksisterende og framtidige risiko- og sårbarhetsfaktorer i kommunen*
- b) Risiko og sårbarhet utenfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen*
- c) Hvordan ulike risiko- og sårbarhetsfaktorer kan påvirke hverandre*
- d) Særlige utfordringer knyttet til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur*
- e) Kommunens evne til å opprettholde sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet*
- f) Behovet for befolkningsvarsling og evakuering.*

Kommunen skal påse at relevante offentlige og private aktører inviteres med i arbeidet med utarbeidelse av risiko- og sårbarhetsanalysen.

Der det avdekkes behov for videre detaljanalyser skal kommunen foreta ytterligere analyser eller oppfordre andre relevante aktører til å gjennomføre disse. Kommunen skal stimulere relevante aktører til å iverksette forebyggende og skadebegrensende tiltak.»

4. Omfang og avgrensingar

Uønskt hending definerer vi som ei hending som avviker frå det normale, og som medfører eller kan medføre tap av liv eller skade på helse, miljø, materielle verdiar og kristisk samfunnsstruktur.

Den førre H-ROS-en vart utarbeidd i 2019. Den har vore utgangspunktet for arbeidet vi no har gjort. Vi har også nytta «Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen» frå DSB (Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap), revidert i 2022, og «FylkesROS».

Kommunen har i analysen brukt analyseskjema frå DSB til å kartlegge hendingar.

5. Offentlegheit

Denne rapporten er offentleg. Analyseskjemaa som dannar grunnlaget for rapporten er ikkje offentlege. Skjemaa er interne arbeidsdokument, og detaljar i analyseskjemaa kan nyttast til å utløyse uønskete hendingar av nokon som vil skade kommunen. Lovheimelen vi nyttar her er offentleglova §14.

6. ROS-arbeidet, metode og arbeidsprosess

Vi starta arbeidet med å lage ein framdriftsplan. Desse har vore involvert i arbeidet:

- kriseleiinga
- tidlegare deltakarar i ROS-arbeidet
- beredskapsrådet

Tidlegare deltakarar i ROS-arbeidet

Vi kontakta først dei eksterne aktørane, som deltok i arbeidet med å lage den førre analysen frå 2019. Kommunen ønskte tilbakemelding på om nokre hendingar burde takast vekk, eller om nye hendingar burde leggst til – slik dei vurderer det. Fristen for tilbakemelding vart sett til 1. desember. Det kom ikkje inn merknader som tilsa at hendingar burde leggst til eller takast ut.

Kriseleiinga

Herøy kommune si kriseleiing har gått igjennom dei tidlegare analysane. Totalt var det fire arbeidsmøte. I møta tok kriseleiinga fleire grep: Nokre tidlegare hendingar vart fjerna og slått saman med andre, nokre vart endra og nokre vart lagde til. Elles er namna på nokre hendingar noko endra og tilpassa.

Der hendingar fjerna i forhold til den førre H-ROS-en, skuldast det at dei overlappa mykje med andre hendingar og derfor er tatt inn i andre hendingar. Der nye hendingar er lagde til, er bakgrunnen at vi såg manglande risikovurderingar i lys av dagens situasjon (nasjonalt og globalt).

Dei nye hendingane som har kome inn i analysen er:

- Atomulykke: – dette har vorte meir aktuelt med tanke på verdsbildet
- Radikalisering: –dette er aktualisert i nyare tid
- IKT – helse og omsorgstenester utan digital kommunikasjon og straum.

Beredskapsrådet

Kriseleiaren i kommunen hadde møte i beredskapsrådet, som består av kriseleiinga og eksterne representantar. Eit tema var arbeidet med H-ROS. Beredskapsrådet vart bedd om å kome med innspel til analysen. Det har ikkje kome tilbakemelding om behov for å endre sjølve analysen, men kontaktinformasjon og utstyrslistar har vorte oppdaterte.

7. Kommuneskildring

I dette avsnittet gir vi ei skildring av kommunen, med vekt på verksemda vår, geografisk område og særtrekk som kan gjere kommune sårbar ved uønskte hendingar.

Geografi

Kommunen ligg lengst ute ved kysten med storhavet som nabo. Totalt har sju av øyane fastbuande. Øyane er bundne saman med bruer (Nerlandsøybrua, Rundebrua, Remøybrua og Herøybrua).

Dragsundbrua bind kommunen saman med Ulstein og gir vidare fastlandssamband gjennom Eiksundtunnelen.

Fosnavåg er kommunesenteret og ligg på Bergsøya.

Befolkninga

Befolkningstalet i kommunen har akkurat bikka 9000 innbyggjarar.

Hovudtrekka for befolkningssamansettinga i kommunen er at det er forventet ein moderat nedgang i folketallet framover. Tallet på eldre (80+) vil auke jamt, samstundes vil tallet på barn og unge gå nedover. Sjølv om mange eldre er friske lenger, vil tallet eldre på sikt skape behov for fleire tenester. Tallet på personar som bur aleine aukar mest i aldersgruppa 45+. Det er ei skeiv kjønnsfordeling i kommunen med fleire menn enn kvinner (Folkehelseoversikt, 2024).

Det venta befolkningstalet for 2030 er på 8456 personar og for 2050 på 8171 personar. 27 prosent av befolkninga i kommunen er over 60 år, eit tal som er 3 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. Dette tydar på at vi har ein høgare del aldrande befolkning enn gjennomsnittleg befolkning i landet (Statistisk sentralbyrå, 2024).

Skular og barnehagar

Det er åtte grunnskular (kommunale) i kommunen, to av desse har elevar i ungdomstrinnet. På Bergsøya ligg det også vidaregåande skule. I kommunen er det i tillegg ein privat barne- og ungdomsskule som ligg på Gurskøya.

I kommunen er det totalt ni barnehagar (kommunale og private) som ligg på tre av øyane, Bergsøya (fem), Leinøya (ein) og Gurskøy (tre).

Mange elevar vert dagleg frakta med skulebuss. Barn i barnehage vert frakta mellom øyane i bil.

Helse- og omsorgstenester

Kommunen har to offentlege legekontor som ligg i ytre og indre del av kommunen (Gurskøya og Bergsøya). Det er også eit privat legekontor på Bergsøya.

Sjukeheimar har vi både i ytre og indre del av kommunen (Gurskøya og Bergsøya). Ved sjukeheimane er det også dagtilbod.

Heimetenestene vert gitt til innbyggjarar på alle øyane. Heimetenestene er delte i to distrikt (indre og ytre). Distansen mellom den ytste og inste delen av kommunen er om lag 40 kilometer.

Legevakta ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune. Innbyggjarane har sjukehus i Volda og Ålesund.

Klima/natur

Landskapet i kommunen vekslar mellom myrlendte flater utan skog, nakne åsar og fjell. Det er også ein del dyrka mark og skog i kommunen. Høgaste topp er Sollia (660 meter over havet) på grensa mot Sande på Gurskøya. Elles er Keipen på Skorpa og Storevarden på Nerlandsøya høgast med sine 431 og 430 meter over havet.

I kommunen er farvatnet mange stadar veldig ureint og det er fleire fyr som viser leia. Det er mykje båttrafikk både i indre og ytre lei.

Øya Runde er eit internasjonalt kjent fuglefjell og er det sørlegaste i Noreg. Det er observert om lag 240 artar av fugl og øya har fleire fredningsområde. Runde er eit attraktivt turistmål vår, sommar og tidleg haust. Om lag 50 000 personar vitjar øya kvart år. Det er mykje fugl som hekkar i området. Desse er spesielt sårbare for forureining i hekkesesongen.

Klimaendringar med auka temperatur, stigande havnivå og hyppigare periodar med sterk vind og regn får konsekvensar i kommunen både når det gjeld planlegging av bustadområde og med tanke på hendingar som kan skje i kommunen.

Nedbør, flaum, vind

Klimaendringane vil i Møre og Romsdal særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar, jordskred og flaumskred, havnivåstiging og stormflod (Norsk klimaservicesenter).

Nedbør har sjeldan skapt større problem, men ved store nedbørsmengder kan det bli vasskade på vegar og anna der elvar har teke nye vegar.

I kommunen kan vinden vere ei utfordring på hausten, vinteren og tidleg vår. Kraftig vind med kast opp i orkan styrke er ikkje uvanleg. Når vind og stor flod er samanfallande, kan det skape utfordringar for befolkninga med stengde bruer og steinsprang utover vegar.

Kraftig vind aukar også bølgehøgda, noko som kan vere ei utfordring for båttrafikken langs kysten.

Meir ekstremver kan forsterke dagens utfordringar knytte til vind, nedbør og høge bølger inn i mot land.

Ras

Kommunen har tilgang på aktsemdskart frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) som viser at det kan vere fare for ras i kommunen. Noregs geotekniske institutt (NGI) har vurdert at nokre område kan være utsette for skred og flaum i kommunen.

For kommunen kan det vere ei utfordring om ras rammer i område utan høve til omkøyning. Fleire bygder har berre ein veg inn og ut.

Næringsverksemd

Herøy kommune er ein fiskeri- og offshorekommune og har lange tradisjonar innan fiskeri. Kommunen er del av den maritime klynga og er rekna som eit nasjonalt tyngdepunkt innan det maritime (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2024). Dei enorme ressursane i det fiskerike havet har alltid vore grunnlaget for busetnad, vekst og utvikling. Båten har vore, og er framleis ein sentral del av livet til innbyggjarane. Ein stor del av Noregs fiskeri- og offshorereiarlag har adresse i kommunen (Herøy kommune, 2023).

Det er få statlege arbeidsplassar i kommunen. Arbeidsplassane er knytte til privat næring og kommunale tenester.

Mange pendlar til/frå Herøy i samband med jobb. Dei fleste pendlarane reiser til Ulstein og frå Sande. Det er også pendling til Ørsta, Volda og Ålesund.

Kommunen har private vassverk, både store og små. I tillegg er det ein del private brønnar i området.

Kultur

Det er mange lag og foreiningar i kommunen. Grendelaga har vore flinke til å merke turstiar og sette opp kart over stiane.

Kommunen organiserer kvart år friluftstiltaket «10 på topp» og Stikk UT-ordninga har fleire turmål i kommunen.

Årleg vert Herøyspelet Kongens ring vist på øya Herøy. På øya finn du også Herøy kystmuseum og Herøy gard. Under spelet er det samla mange personar som vert frakta i båt og buss.

Det er stor aktivitet i dei ulike bygdene med festivalar og ulike arrangement på grendehusa. Herøy kulturhus og Fosnavåg konserthus har også mange arrangement der det samlast mykje folk.

8. Samanstilt H-ROS

Her er dei analyserte hendingane samanstilte i ein eigen tabell. Dei enkelte hendingane er skildra i analyseskjemaa som ligg ved H-ROS-en. Analyseskjemaa er unnatekne offentleg innsyn.

Nedanfor forklarar vi omgrep som er nytta i analysen.

Uønskt hending: Uønskt hending er ei hending der kriseleiinga vert involvert i å vurdere førebyggjande tiltak, beredskap og krisehandtering – eller at hendinga omfattar fleire sektorar

Sannsynlegheit: Dette dreier seg om i kva grad det er truleg at hendinga vil skje i kommunen.

Konsekvensar: Dette dreier seg om kva hendinga kan ha å seie for liv og helse, samfunnsstabilitet, natur og miljø og materielle verdiar. Det som er ført inn i tabellen er eit snitt av skåren for ulike slike faktorar.

Sårbarheit: Her har vi sett på særtrekk i kommunen som gjer at hendinga kan utvikle seg til noko verre og om hendinga kan medføre følgehendingar og svikt i kritiske samfunnsfunksjonar og tenester.

Det er også tatt med om hendinga vil påverke krisehandteringa i kommunen og om evakuering og befolkningsvarsling er naudsynt.

Risiko: Dette er ei samla vurdering av sannsynlegheita, konsekvensane og usikkerheita knytte til hendinga, og det er eit snitt av skåren til desse faktorane.

Styrbarheit: Styrbarheita dreier seg om i kor stor grad kommunen sjølv har verkemiddel til å påverke risikoen og sårbarheita ved ei uønskt hending. Styrbarheita vert vurdert slik:

- Høg: Kommunen har både ansvar, verkemiddel og lovpålagt plikt til å følgje opp foreslåtte tiltak.
- Middels: Kommunen har ikkje sjølv verkemidla, men kan som lokal styresmakt vere pådrivar overfor eksterne aktørar.
- Låg: Kommunen har verken ansvar eller verkemiddel til foreslått oppfølging.

Dei uønskte hendingane


Uønskt hending	Sannsynlegheit	Konsekvensar	Sårbarheit	Risiko	Styrbarheit
1. Akutt forureining	Låg	Middels	Låg	Låg	Middels
2. Atomulykke	Låg	Høg	Middels	Høg	Låg
3. Brann i offentlege bygg	Høg	Middels	Høg	Middels	Middels
4. Ekstremver - nedbør	Høg	Små	Høg	Middels	Låg
5. Ekstremver - vind	Høg	Høg	Høg	Høg	Middels
6. Pandemi/Pandemi	Middels	Høg	Middels	Middels	Middels
7. IKT, helse og omsorgstenester utan digital kommunikasjon og straum	Låg	Låg	Høg	Låg	Høg
8. PLIVO	Middels	Store	Svært store	Middels	Låg
9. Radikalisering	Høg	Låg	Middels	Låg	Høg
10. Skred, jord og steinsprang	Høg	Små	Høg	Høg	Høg
11. Terror	Særs låg	Store	Middels	Låg	Låg
12. Utslepp i avløp	Høg	Svært små	Låg	Låg	Middels
13. Vassverk, brot på leidningar	Låg	Middels	Låg	Låg	Middels
14. Vegtrafikkulykke	Middels	Svært små	Middels	Låg	Middels

Meir informasjon ligg i dei enkelt analyseskjemaa (unnateke offentleg innsyn).

Risikobildet i kommunen

Samla framstilling av risiko og styrbarheit :

Risiko i kommunen



Kommentarar til tabell: Tabellen viser kor stor risiko det er for at ei hending kan skje i kommunen og i kva grad kommunen kan påverke risikoen (styrbarheit).

9. Kommentarar til funna i analysen

Gjennom analysearbeidet er det kome fram fleire risikoar og sårbarheiter som vi må ta omsyn til i samfunnsikkerheit- og beredskapsarbeidet og den framtidige samfunnsplanlegginga.

Nokre av hendingane har vore aktuelle gjennom ein årrekke, andre hendingar har kome til. Dei nye som har kome til, er radikalisering, atomhending og hending knytt til IKT. Utviklinga i samfunnet og verdsbildet gjer at nettopp desse hendingane er lagde til.

Alle hendingane vil ha innverknad på ein eller fleire av samfunnsverdiane knytte til liv og helse, natur og miljø, økonomi, samfunnsstabilitet og kulturelle verdiar.

Liv og helse

Hendingar knytte til atomulykke, radikalisering, terror, PLIVO (pågåande livstruande vald), ekstremver og epidemi/pandemi vil påverke liv og helse. Hendingane kan medføre dødsfall, skade og sjukdom, fysiske og psykiske påkjenningar for folket.

Dei fleste hendingane vil gi auka press på helsevesenet og tenesteproduksjonen kan verte hindra. Tenestene har godt planverk og gode rutinar for å kunne gi tenester ved ulike hendingar.

I situasjonar der liv og helse vert ramma, vil vi kunne be om hjelp frå andre kommunar og frivillige for å handtere situasjonen.

Samfunnsstabilitet

Fleire av hendingane som er analyserte vil påverke stabiliteten i samfunnet. Dei fleste hendingane vil ha innverknad på dagleglivet. Dei kan gjere det vanskelegare å dekke naudsynte behov og kan elles forstyrre dagleglivet. Her kan det bli snakk om at varetransport verte forseinka, at skular og barnehagar vert stengde, at vegar vert stengde, at bygder vert isolerte, at folk ikkje får tenester til vanleg tid, at folk blir utrygge og at det blir mangel på vatn, mat med meir.

Natur og miljø

Det er i hovudsak hendingane knytte til akutt forureining, atomulykke, ekstremver og skred, jord og steinsprang som vil ha innverknad på natur og miljø.

Konsekvensane kan vere langtidsskade og forureining som vil påverke naturen og dyrelivet over tid.

Økonomi

For næringslivet vil mange hendingar ha innverknad på produksjon/drift og leveransar i kortare eller lenger tid. Dette gjeld i hovudsak hendingar knytte til akutt forureining, atomulykke, ekstremver, vassforsyning og epidemi/pandemi. Hendingar kan medføre at produksjon vil stoppe opp, at eksport ikkje kan gå som normalt eller at verksemdar får bemanningsproblem.

For kommunen vil dei fleste hendingane ha økonomiske konsekvensar i større eller mindre grad. Det vil då vere snakk om opprydding, innleige av ekstra personell og overtidsbetaling, innkjøp av utstyr, tap av omdøme, nedgang i turisme og nedgang i skatteinntekter.

Kulturelle verdiar

I analysen er det ikkje prioritert å ha med hendingar som vil få konsekvensar for kulturelle verdiar som for eksempel Herøy gard. Det er viktig å merke seg at til dømes storbrann (jamfør hending tre) er ei hending som kan få konsekvensar for slike verdiar.

Infrastruktur

Fleire av hendingane vil kunne påverke infrastrukturen direkte eller gjennom følgehendingar. Det mest aktuelle her er hendingar knytte til stenging av vegar og bruer på grunn av uver eller trafikkulykker, bortfall av straum, telefon, internett og brot på vassleidningsnettet.

Ei langvarig hending vil få større innverknad for folket i kommunen og krevje tilrettelegging av kommunale tenester.

Samfunnsplanlegging

God samfunnsplanlegging kan forebyggande at hendingar skjer og kva konsekvensar ei hending får. H-ROS må derfor leggest til grunn for areal- og reguleringsplanlegginga i kommunen.

Klimaendringar og ekstremver

Ekstremver og klimaendringar kan vere årsak til fleire hendingar i framtida. Sjølv om vi ikkje veit sikkert korleis dette vil verke inn på oss, er det grunn til å tru at vi vil kunne få fleire stormar, meir nedbør, flaum, lynnedslag og skogbrann. I tillegg vil havnivået stige på lang sikt.

Hendingar utanfor kommunen

Hendingar kan skje utanfor kommunen sitt geografiske område og likevel ha stor innverknad i lokalsamfunnet. Dette kan vere hendingar som terror, trafikkulykker og at verdsbildet endrar seg med krig og mange personar på flukt.

Sjølv om hendingane skjer utanfor vårt geografiske område, vil dei kunne ramme personar i kommunen. Ein situasjon vil også skape frykt og uro blant befolkninga og behovet for kommunale tenester vil kunne auke.

10. Korleis kan hendingane påverke kvarandre

Hendingar og følgehendingar knytte til ver og vind vil påverke kor alvorleg ein situasjon vert i kommunen og kva konsekvensar dette vil få i lokalsamfunnet.

Sterk vind og stormflod vil kunne få konsekvensar for infrastruktur som vegnettet (veg og bru), straum, telefoni, datatilgang, tilgang til helsehjelp og kommunen sin tenesteproduksjon. Ved ei langvarig hending vil også leveransar til/frå kommunen verte ramma. Her tenker vi spesielt på mat og medisinar.

I ein situasjon der hendinga og følgehendingane varer over fleire dagar vil det få konsekvensar for lokalbefolkninga. Det vil verte større behovet for god beredskap og handtering av situasjonen av kriseleiinga.

11. Kommunen sin evne til å oppretthalde og gjenoppta normal drift

Gjennom analysen ser vi at kommunen ved dei fleste hendingane vil kunne ha normal drift. Enkelte hendingar vil føre til utfordringar knytte til leveransen av kommunale tenester. Det kan oppstå forseinkingar og vi må oppbemanne tenestene. Det gjeld spesielt hendingar knytte til ver og vind, med stengde vegar.

Ved ei langvarig hending kan det oppstå vanskar med forsyninga av mat, medisin og drivstoff. Enkelte personar vil også ha behov for husly og varme. I ein slik situasjon er det viktig med reservestraum for kritiske tenester og at alle kjenner planverket og rutinane godt.

For å kunne halde oppe normal drift og handtere ei hending, er nabokommunane og andre aktørar viktige medspelarar. Det vil kunne oppstå situasjonar der vi ber om bistand hjelp frå andre aktørar (for eksempel akutt forureining, brann og PLIVO).

12. Befolkningsvarsling

Dei fleste hendingane som er med i denne analysen vil føre til eit stort behov for informasjon gjennom nyheitsmedium og kommunen sine eigne kanalar (blant anna nettstad, sosiale medium og appar til dialog med foreldre). Korleis vi informerer, er eit tema i beredskapsplanen under kommunikasjonsplanen.

Politiet kan bestemme at befolkninga skal varslast og sende ut varsel. Kommunen har tenesta Varsling24 som kan nyttast for å sende ut varsel (basert på kvar folk bur) til folket for å hjelpe til med å varsle. Kommunen har ikkje lokasjonsbasert varsling (det vil seie varsling til dei som oppheld seg i eit bestemt område).

13. Evakuering

Det er politiet som avgjer om folk skal evakuerast. Kommunen si rolle her er å hjelpe til under evakueringa, ha plass til dei evakuerte og hjelpe til ved evakueringssentera. Kommunen har aktuelle plassar som kan nyttast. Plassane, med kontaktinformasjon, er lagde inn i krisestøtteverktøyet Rayvn.

14.Oppfølging i kommunen

Tenkte hendingar vil ein kunne førebygge for å redusere konsekvensane og andre tiltak må settast inn for å redusere konsekvensane. I tabellen under står det forslag til tiltak og ansvar for å følge dei opp.

Verkemiddel i samfunnstryggleik	Forslag til tiltak	Ansvar for oppfølging
Førebygging	Sikre at alternative vegar vert haldne ved like, slik at dei kan tåle mykje og til dels tung trafikk. Førebu god kommunikasjon og sette hendingar på dagsorden i dei ulike tenestene slik at dei er budde viss hendingane skjer. Ha rutinar for evakuering ved større arrangement og utarbeide sjekklister som skal nyttast før arrangementet tek til Følgje med vermeldinga og følgje opp varsel som kjem inn til kommunen Ha sjekklister for aggregat for å sikre at desse fungerer Informere innbyggjarar og tilsette dersom det er varsla orkan. Tilsette vil få informasjon om at dei kan verte beordra på arbeid utanom vanleg arbeidstid. Ha øvingar om PLIVO ved oppstart av skule- og barnehageåret. Øve i samarbeid med kriseleiiing, politi og brann. God oppfølging av radikalisererte elevar Bruke plan- og bygningslova aktivt Strukturendingar kan gjere oss mindre sårbare med tanke på vassforsyning	Anlegg- og driftsavdelinga Kommunikasjonsavdelinga Alle tenestene i kommunen Kulturavdelinga Kriseleiiinga Kommunikasjonsavdelinga Eigedomsavdelinga Kriseleiiinga Kommunikasjonsavdelinga Kriseleiiinga Sektor for kultur og oppvekst Sektor for kultur og oppvekst Utviklingsavdelinga Kommunedirektøren Anlegg- og driftsavdelinga
Beredskap	Skaffe verneutstyr til tilsette Oppdatere prosedyrar for hendingar og vere budd på at hendingar kan vare over fleire dagar Øve regelmessig og minimum ein gong per år. Det bør også trenast på langvarige hendingar som varer i meir enn to dagar. Bruke krisestøtteverktøyet Rayvn regelmessig slik at vi er trygge på bruken når ei hending skjer Ha bistandsavtalar med aktørar som Siviltforsvaret og sanitetskvinnene Ha naudsynt dokumentasjon tilgjengeleg om ein står utan digital tilgang Ha oppdaterte beredskapsplanar i skular, barnehagar og helse- og omsorgstenestene	Pleie- og omsorgsavdelinga Alle sektorar og spesielt helse- og omsorg Kriseleiiinga Kriseleiiinga Kommunedirektøren Helse og omsorg Oppvekst Helse og omsorg

15. Sluttkommentar

I det daglege er det viktig å sette fokus på beredskap. Vi veit ikkje kva hendingar som kan skje i kommunen. Det einaste vi veit sikkert, er at uønskte hendingar vil skje i framtida, også hos oss.

Herøy kommune har hatt ein del uønskte hendingar i kommunen, og fleire gongar har hendingar utanfor kommunen påverka lokalsamfunnet vårt.

Mange hendingar vil kunne handterast innanfor den ordinære drifta. Kommunen arbeider kvar dag systematisk med å førebygge, verte betre, handtere og lære av hendingar som skjer. Det er viktig å vere budde på framtida.